



Torleiv og Gro Flatebø flankerar ordførar Synnøve Solbakken

Uskedalskyrkjas 100 år vart i dag markert på verdig og imponerende vis med 90 i kyrkja og 70 til festmiddag i Helgheim etterpå. Når ein summerar opp alt som har skjedd i jubileumsåret er det grunn til å slå fast at soknerådet og komiteen har gjort ein kjempeinnsats - med godt frammøte som betaling. Men aller mest imponerende i dag var det at uskedelingen Torleiv Flatebø og dottera Gro kom heilt frå Oregon ved Stillehavskysten for å oppleve markeringa.



Prosten og tidlegare biskop Hagesæther på veg ut etter gudstenesta

- Eg har nok vore her meir enn 20 gonger sidan eg reiste over dit i 1953. Det er interessant å registrera korleis det går i gamlelandet, sa Torleiv som er sønnen til Gunnar Flatebø, sjefen for fabrikkjen i Beinavikjo. Han er sivilingeniør av yrke men før han kom så langt vart han både døypt og konfirmert i Uskedalskyrkja,.



Erlingur Nielson held festtala i Helgheim

Gjestelista ellers vart toppa av blant andre ordførar Synnøve Solbakken, som nok ein gang rosa uskedalingane for stor dugnadsinnsats og også hadde merka seg godt vedlikehald av kyrkjegardane. Under middagen var det den nye kyrkjevevjen, islendingen Erlingur Nielson, som heldt festtala og streka under fellesskapet millom dei to nærbeslekta landa også nå det gjeld dette området. Dei første kristne misjonærane kom til Island frå Noreg, men dei returnerte etter 2 år og islendingane heldt fram med ugudeleg verksemd.

No ligg Island etter når det gjeld innføring av ei sjølvstendig kyrkje som ikkje ligg under staten, men endringa vil skje også på Island snart, opplyste Erlingur. Han meinte at begge land har gjort mykje for den kristne trua.

Eit anna høgdepunkt i Helgheim var då kyrkjetenar Magne Eik og soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen framførte den spesialskrivne prologen til kyrkjjas pris. som det omgåande vart kvittert for med takk til forfattar Olaf Agnar Gausvik.

Mange hadde helsingar å framføra, mellom andre indremisjonsleiar Jon Harald Kjærland som streka under det gode samarbeidet med kyrkja.



Den nye soknepresten Lina Håland presenterte seg som songar på heimebane denne dagen - ho song både under gudstenesta og på Helgheim og ein a capella-song var mest rørende. Ho var liturg i gudstenesta.

Av dei frammøtte prestane var det 3 tidlegare prestar i bygda. Men det var biskop emeritus Ole Danbolt Hagesæther som heldt preika. Han har ei særleg tilknytning til denne kyrkja, som vart barnekatedral i 2004.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Soknerådsleiar og kyrkjjetenar framfører prolog



Sokneprest Lina Håland syng i kyrkja